

## ÅRSMELDING Grønn-Hagen Bjørke Malawi Foundation 2016

Stiftinga vart etablert i 2009 og har som hovudføremål å bidra til utvikling for dei fattige i Malawi.

Hovudaktiviteten er å byggje klasserom og andre bygningar til eksisterande grunnskular, i 2016 har aktiviteten vore konsentrert om områda Chihame og Nkhata Bay South. I tillegg er vi involvert i bygging av ein vidaregåande skule, barnehage og ikkje minst med bygging av brønner. Arbeidet skjer i tett samarbeid/avtale med lokale og regionale skulemyndigheiter og landsbystyre. Alt arbeid blir utført av lokal arbeidskraft, og vi legg vekt på opplæring av desse.

Rekneskapen er gjort opp med eit overskot på 95 008 kroner i aktivitetsresultat. Hovudinntekta i 2016 kom frå tilskot på 821 290 kroner frå NORAD til skulebygningar i området Nkhata Bay. Vidare fekk vi vel 175 000 kr frå Fosengaven, ei innsamling på Fosen som også i år har gitt oss solid støtte. Her kom det også gåver i 2017. Av andre gåver er om lag 110 000 kroner øyremerka brønner og 245 000 kroner gitt særskilt til kjøp av aksjar i Kumudzi Kuwale Ltd. Dette selskapet driv med utbygging av solcelleenergi i Malawi.

Overskotet for 2016 vert lagt til annan føremålskapital. Eigenkapitalen er på kr 3 151 165, i dette ligg også grunnkapitalen på kr 100 000. Føresetnader for vidare drift er såleis til stades. Stiftinga har avtale med NORAD om støtte til skulebygg på kr 800 000 pr år for perioden 2015-2017.

Alle innsamla midlar/gåver til stiftinga blir fullt ut brukte til prosjekt i Malawi. Gåvene kjem frå givarar som har høyrte om arbeidet vårt gjennom media, kjende osv. Vi brukar facebook-sida vår aktivt for å spreie kunnskap om arbeidet vårt, og både om og til støttespelarane. Døme på gåve til arbeidet vårt er skuleaksjonar, aktivitetar i barnehagar, støtteaktivitetar/innsamlingar i lokale organisasjonar og faste givarar (bedrifter og private). Organisasjonen har status som organisasjon med rett til skattefrådrag for givarar.

Rekneskapen er ein aktivitetsrekneskap, dvs gåver vert inntektsførte når dei er motteken, så langt dei ikkje er bundne opp til særskilte tiltak, eller (som NORAD-midlane) er gitt med atterhald om bruk i tildelingsperioden. NORAD-midlane blir inntektsført først når dei blir brukt. Stiftinga hadde ved årsskiftet kr 120 137 i utbetalte, men ikkje inntektsførte NORAD-midlar.

I alt kr 108 337 er utgiftsført til lokalt tilsette i Malawi, her også irekna innbetalt skatte-trekk til styresmaktene. Stiftinga sine administrasjonskostnader, kr 29 373, kjem frå bankgebyr og offentlege gebyr, i tillegg til dagleg leiar sine reisekostnader til Malawi. Det er gitt gåver til stiftinga særskilt til dekning av reisekostnadene (inntektsført som gåver).

Stiftinga er frå og med 2013 registrert i Innsamlingsregisteret (Innsamlingskontrollen) og i Frivilligregisteret. Følgjande nøkkeltal for drifta er utarbeidd:

Nøkkeltal

Innsamlingsprosent: 100 %  
(Viser forholdet mellom innsamla midlar og kostnader ved innsamling.)

Administrasjonsprosent: 2 %  
(Viser kor stor del av totalt tilgjengelege midlar som er brukt til administrasjon.)

Formålsprosent: 98 %  
(Viser kor mykje av totalt forbruk som faktisk er brukt på det ideelle formålet.)

Stiftinga har ingen tilsette i Noreg, og tre tilsette i Malawi (tre menn). Stiftinga har ikkje aktivitetar som forureinar det ytre miljøet.

Tynset/Oslo, 5. april 2017



Kari Bjørke

styreleiar



Arnstein Bjørke

styremedlem



Ola Grønn-Hagen

dagleg leiar